



## **KJØPEKONTRAKT 38/2, Areal til bustadtomter.**

Mellom

Seljar: Helge Momrak (08065848792), Svalestogvegen 6, 3870 Fyresdal

Kjøpar: Fyresdal kommune (org.nr. 939 772 766), Klokkarhamaren 6, 3870 Fyresdal

### **1. Bakgrunn**

Seljar eig eit areal i området Tøddelia og Tøddekroken i Fyresdal kommune. Kjøpar ønskjer å erverve i overkant av 70 dekar til utvikling av bustadføre mål og grøntareal.

### **2. Avtaleobjekt**

A. Det totale arealet som skal overførast, er i overkant av 70 dekar.

B. Endeleg areal og grenser vert fastsette etter formell oppmåling og matrikulering.

C. Arealet skal delast slik:

– Bustadareal: pris 55 kr/m<sup>2</sup>

– Grøntareal/anna areal: pris 35 kr/m<sup>2</sup>

Klassifiseringa av arealet skal byggje på vedteken reguleringsplan og vedlagde arealkart til denne avtala.

### **3. Kjøpesum**

A. Samla kjøpesum vert rekna etter endeleg oppmålt fordeling av m<sup>2</sup> mellom bustadareal og grøntareal.

B. Kjøpesummen forfell til betaling ved tinglysing av skjøtet.

C. Kjøpar dekkjer kostnader knytte til oppmåling og matrikulering.

#### **4. Kommunestyrevedtak**

A. Avtalen er bindande for begge parter, men trer først i kraft når Fyresdal kommunestyre har fatta gyldig vedtak om kjøpet.

B. Dersom kommunestyret ikkje godkjenner kjøpet, fell avtalen bort utan ansvar for nokon av partane.

#### **5. Sletting av dokument 999967-2014**

A. Ved signering av denne avtalen, og seinast ved overtaking, skal dokumentet med tinglyst referanse 999967-2014 falle bort i si verkning.

B. Fyresdal kommune skal ha rett til å krevje dokumentet sletta frå grunnboka.

C. Seljar pliktar å medverke til slettinga dersom det krevst erklæringar eller stadfestingar frå hans side.

#### **6. Overtaking**

A. Overtaking skjer ved tinglyst og overført skjøte.

B. Arealet skal overtakast av kjøpar fritt for pengeheftingar.

C. Seljar garanterer at det ikkje ligg føre leigeavtalar, servituttar eller bruksrettar utover det som er gjort kjent for kjøpar og eventuelt skriftleg avtalt å vidareføre.

#### **7. Tvistar**

Tvistar som måtte oppstå, skal i første rekkje søkjast løyste i minnelegheit. Dersom dette ikkje fører fram, skal saka handsamast av Vest-Telemark tingrett.

#### **8. Skog på arealet**

A. Skogen som står på det arealet som vert overført etter denne avtalen, skal framleis vere seljar sin eigedom.

B. Kjøpar kan skriftleg be om at skogen vert avverka når dette er formålstenleg for planlegging, utbygging eller annan disponering av arealet.

C. Seljar pliktar å sørgje for avvirking innan 3 månader etter at kjøpar har sendt skriftleg førespurnad.

D. Avvirking skal gjennomførast på ein slik måte at det ikkje vert påført kjøpar unødige kostnader eller forseinkingar. Partane skal samordne praktiske forhold, herunder tilkomst og riggområde.

E. Seljar ber ansvaret for alle kostnader og inntekter knytte til avvirkinga, med mindre anna vert skriftleg avtalt.

F. Dersom seljar ikkje gjennomfører avvirking innan fristen, kan kjøpar – etter skriftleg varsel – sjølv sørge for avvirking for seljar si rekning.

## 9. Underskrifter

Avtalen er utarbeidd i to eksemplar, eitt til kvar av partane.

Stad og dato: \_\_\_\_\_

For Seljar:

Helge Momrak

Sign.: \_\_\_\_\_

For Kjøpar:

Fyresdal kommune

Sign.: \_\_\_\_\_

Namn og stilling: \_\_\_\_\_